

MØTEBOK – TITTELARK

FELLESRÅDSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
20.10.2016

Tilstades på møtet:

Medlemer:

Anny Bertelsen, Helge Dyrkolbotn, Bjørn Helge Olsen, Kine Lerøy, Britt Ystebø og sokneprest Per Børge Hillestad.

Varamedlemer:

Inger Synnevåg, Kjell Dahle

Andre:

Anne Dahle Austrheim, kommunal representant.
Kyrkjeverje Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall:

Anita Bakke
Arne Lerøy
Sylvelin Fonnes

Desse møtte ikkje:

Jusu Gyflan

Saker til førehaving:

Fellesrådssaker: F- 25/16 - F 29/16

Til møtet var medlemer og varamedlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F 25/16 GODKJENNING AV SAKSLISTE OG INNKALLING
Sakslista og innkallinga vart godkjent.

F 26/16 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 01.09.16
Møteboka frå 01.09.16 vart godkjent

F 27/16 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK:

Vedtak:

(Det vart ikkje fatta vedtak om underskrivarar på møteboka)

F 28/16 ORIENTERINGSSAKER

- a. Vedk behov for fjerning av gamle tre på kyrkjegardane.
- b. Gjennomgang av rekneskapsrapport, inkludert løn for oktober.
- c. Gjennomgang av brannvernrutinar i kyrkja og kyrkjelydshuset.

Melding tilbake frå soknerådet: Positivt med sakspapir på nett. Bør samla alt av sakspapir og vedlegg i eitt dokument. I tillegg må vi få på plass ei eiga lekkje til møteboka.

F 29/16 BUDSJETT 2017

Kyrkjeverja har vore i samtale med økonomisjefen og drøfta utkast til budsjett med leiar i soknerådet og tidlegare kyrkjeverje. Kyrkjeverja har i tillegg fått hjelp av økonomikontoret til å finna nivået på løn og sosiale utgifter. For inneverande år har soknet fått overføring frå kommunen på 3 420 000 til drift og 300 000 til investering.

For 2017 har vi bedt om overføring til drift på kr 3.571.000. Dette er 151.000 meir enn overføringane frå 2016. Auken i driftsbudsjettet utgjer omlag 4,4 %. Inkludert i denne auken ligg også ei midlertidig prosjektstilling i 50 %, som ikkje vert vidareført i budsjettet for 2018.

Det er behov for å be om eit vesentleg investeringsbudsjett for 2017.

Storleiken på dette har samanheng med om kommunen har rom for å prioritera prosjektering og utbetring av toalettforholda og universelt tilgjenge for kyrkjelydshuset. Kostnaden for denne utbetringa er stipulert til om lag 400 000 for utbetring av toalettforholda og omalg 60 000 for universelt tilgjenge med ei tilgangsløysing på utsida.

Kyrkja vart malt på 2 sider i løpet av 2016. Det er mogeleg å venta med dei to siste sidene til 2018, slik at investeringsbehovet kan delast på fleire år.

Budsjettprosessen:

Det vert møte med alle avdelingane i kommunen den 17.oktober.

Budsjettkonferansen skal vera 31.oktober. Det er laga eit utkast til detaljbudsjett.

Kommunestyret sitt siste møte er 15.desember, då budsjettet vert endeleg vedteke.

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokneråd godkjenner det førebels framlagte budsjettet. Dersom løyvingane vert mindre enn det som ligg til grunn her, vert saka lagt fram på nytt for soknerådet i neste møte.

Vedtak:

Austrheim sokneråd godkjenner det førebels framlagte budsjettet. Dersom løyvingane vert mindre enn det som ligg til grunn her, vert saka lagt fram på nytt for soknerådet i neste møte.

AUSTRHEIM SOKNERÅD

MØTEBOK – TITTELARK

SOKNERÅDSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
20.10.16

Tilstades på møtet:

Medlemer:

Anny Bertelsen, Helge Dyrkolbotn, Kine Lerøy, Britt Ystebø, Bjørn Helge Olsen og sokneprest Per Børge Hillestad.

Varamedlemer:

Inger Synnevåg, Kjell Dahle

Andre:

Kommunal representant Anne Dahle Austrheim
Kyrkjeverje Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall:

Arne Lerøy
Sylvelin S Fonnes
Anita Bakke

Desse møtte ikkje:

Jusu Gyflan

Saker til førehaving:

Soknerådsaker: S- 34/16 – S – 38/16

Til møtet var medlemer og varamedlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S- 34/16 GODKJENNING AV SAKSLISTE OG INNKALLING
Saksliste og innkalling vart godkjent

S- 35/16 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 01.09.16
Møteboka frå 01.09 vart godkjent.

S- 36/16 ORIENTERINGSSAKER

- a. Orientering i personalsak
- b. Orientering om tidspunkt og innhald for møte med friviljuge.
- c. Orientering om møtedatoar hausten 2016.
- d. Svarbrev frå Austrheim Indremisjon vedk «teltgudsteneste.»
- e. Gudstenesteforordning.

Orientering frå soknerådet: Neste møte vert endra frå 23. til 22.november 2016.

S- 37/16 GJENNOMGANG AV TRUSOPPLÆRINGSPLANEN

Det er utarbeidd trusopplæringsplan for Austrheim sokn. Versjonen frå 2015 vart ikkje godkjent. Soknerådet har motteke brev får bispedømekontoret (datert 10.11.2015) med tilrådingar om kva som må fyllast ut for at den kan bli godkjent. Utbetra plan for 2016 vart sendt inn igjen til bispedømekontoret (i desember 2015). I skrivande stund har ein endå ikkje fått tilbakemelding frå bispedømekontoret korvidt den omarbeidde versjonen er godkjent eller ikkje. 2016 versjonen av planen er lagt ved, for at soknerådet skal få høve til å gjera seg kjent med innhaldet i planen og kunna koma med framlegg til mogelege endringar.

Generelt får ein i Austrheim sokn gode tilbakemeldingar for det arbeidet som vert gjort. Ein får skryt for hovudmålet og satsinga på gudsrrikeleiken som metode, samt namna på ein del av dei konkrete tiltaka. Av forhold ein trengde å forbetra vart det trekt fram meir utfyllande innhald i dei sentrale føringane, samt ei betre presisering av ein del av enkelttiltaka. Det vart også påpeikt at gudsrrikeleiken som metode kan vera negativt, om den vert for dominerande og dermed fører til mindre variasjon i tiltaka.

Tiltaksdelen i planen frå 2016 ser annleis ut enn det som ligg som framlegg i denne gjennomgangen. Dette skuldast løpande drøftingar mellom trusopplærar og kyrkjeverja, for at hans 30 % stilling som trusopplærar i Austrheim, skal kunna strekka til. Det er ikkje mogeleg – og heller ikkje ønskjeleg – at han skal driva dette arbeidet mest mogeleg på eiga hand. Vi har difor konkret starta rekruttering av fleire forteljarar blant nokon av ungdommane som har vore konfirmantar tidlegare. Dette er heilt i startgropa. Tanken er å setja dei istand til å ha forteljingar, etter kvart også for yngre born. Det er eit behov for å knytta til seg vaksne friviljuge som kunne tatt eit ansvar for logistikk og andre praktiske oppgåver. Reint strategisk er det ønskjeleg å gje desse ungdommane høve til å kursa seg i konseptet med Gudsrrikeleiken. Dette ønskjer vi å undersøkje nærare.

Dette er tiltaka slik statusen er akkurat no. Her er det gjort nokre endringar i forhold til oversikta som står i 2016 planen (som er vedlagt), som igjen er endra ut frå det som var det opprinnelege forslaget i 2015. Bispedømekontoret ønskjer å få planen inn til ny godkjenning om endringane er vesentlege i forhold til det som var utgangspunktet. Sidan det endå ikkje er stadfesta om planen er godkjent er kyrkjevevja av den oppfatning at nye justeringar (sannsynlegvis til det betre) er ein fordel i prosessen fram mot godkjenning. Det er også kyrkjevevja si vurdering at endringane ikkje er så vesentlege at det vil vera behov for ein heilt ny godkjenningsprosess i forhold til bispedømekontoret. Det er ei målsetjing at trusopplæringsplanen skal rullerast kvart år, slik at soknerådet til ei kvar tid er oppdatert på innhaldet i denne. Dette er status for tiltaka slik stoda er no (Trusopplærar er Wilco Wogelaar, pedagog er Jostein Hauge og prest er Per Børge Hillestad).

Alder	Tiltak	Tal	timar	ansvarleg	Innhald/merknad
0	Dåpssamtalen	2	3	Prest	Dåpssamtale og gudsteneste
1-2	Årsdag for dåp	2	4	Kyrkjelydsfadder	Cd + plakat
3	Pysjamasfest	1	1	Pedagog/trusopplærar	Samling i kyrkja, forteljing, kveldsmat. Gudsrikeleiken – Noas Ark.
3-4	Søndagsskulens dag	1	2	Trusopplærar/prest	Gudsteneste og samling for borna
3-5	Teaterforestilling	1	2	Trusopplærar	«Kirkerottene» har til no ikkje blitt brukt grunna for høg kostnad. Alternativ vert vurdert.
4	Fireårsbok	1	1	Pedagog/trusopplærar og prest	Gudsteneste. Forteljing: gudsrikeleiken: Den gode hyrdingen.
3-5	Teaterforestilling	1	2	Pedagog/trusopplærar	«Kirkerottene» har til no ikkje vore brukt i Austrheim. For høg kostnad i forhold til nytteverdien. Eit anna alternativ er til vurdering.
5	Ørkenvandring	5	7,5	Trusopplærar	Gudsrikeleiken med ørkenforteljingar; Abraham og den store familien, utgangen av Egypt, Dei ti beste levereglane, Inn i landet, Bortført og heimvendt. Laga samlingar i forkant av konfirmanttimane og bruka tidlegare konfirmantar som forteljarar og hjelpeleiarar.
6	Kyrkjebesøk første klasse	1	2	Pedagog	Besøk og vandring i kyrkja utanom skuletid.
7	Tårnagenthelg	2	5	Pedagog/trusopplærar og prest	Agentoppdrag, gudstenesteverkstad, Gudsrikeleiken, Gudsteneeste. Påsketema vert inkludert her.
8	Pinseforteljingar	6	9	Trusopplærar	Rett etter påske og etter

					konfirmantsamlingane. «Bli kjent med Jesus på ein ny måte.» Gudsrikeleiken.
10	Juleverkstad	1	2	Trusopplærar	Juleforteljinga. «Julas mysterium.» (Gudsrikeleiken). Laga ei julekrybbe eller noko liknande.
10-12	Leir på Rongevær	2	15	Trusopplærar	Samarbeid med NMS. Like før skulestart, midten på august.
11	Utdeling av bibel	1	2	Trusopplærar og prest	Gudsteneste. Sjekk om det er bibel eller nt.
11	«La det gro»	1	2	Trusopplærar	Gudsrikeleiken – likninga om sennepsfrøet. Kort tid etter utdeling av bibel.
11	«Lys vaken»	1	14	Pedagog, trusopplærar og prest	Overnatting og gudsteneste. Planlagt i februar. Heilag tre kongars fest som tema (Gudsrikeleiken). Gudstenesteverkstad og kreativt verkstad.
13	Ungdom og media	1	3	Pedagog	Familie og medier. Tema om ungdom og mediebruk, med vektlegging av korleis ein kan finna fram på kyrkjelyden sine nettsider, samt bibel.no, «preik.no»
15	Konfirmasjonstida	22	60	Pedagog/kateketvkiar og ktrusopplærar	2 t 10 min for kvar samling. Skatten og perlene. Repetisjon av gudsrikeleikforteljingane. Kreativ verkstad. Song.
15-18	MEIR	9	27		Leiartrening og opplæring av andre medhjelparar. (praktiske oppgåver, gudsrikeleiken, kreative grupper, musikk) Brukar delar av MILK kurset. Leiaropplæring i forhold til å bli medarbeidarar og forteljarar i Gudsrikeleiken. Gje dei opplæring som hjelpeleiarar i forhold til konfirmantane.

Tilsaman utgjer dette opplegget omlag 160 timar for aldersgruppa 0 – 18 år. Dette er omtrent halvparten av det som er den ideelle målsetjinga i dei nasjonale målsetjingane for tal på timar med trusopplæring. Dette måtalet er på 315 timar. Enn så lenge er ikkje dette ei problemstilling som vil påverka om vår plan vert godkjent eller ikkje. Vi treng å etablera og innarbeida det vi allereie har inne. Så får vi byggja vidare på det vi har og auka timetalet når det er realistisk.

Kva som til ei kvar tid vert godkjent som eit gyldig tiltak i trusopplæringa kan av og til vera vanskeleg å få tak på. Til dømes er ikkje såkalla kontinuerlege tiltak som til dømes søndagsskule og korverksemd, rekna som tiltak i trusopplæringa. Å driva søndagsskule er i seg sjølv å driva opplæring i kristen tru. Når eit slikt tiltak likevel ikkje er godkjent som eit trusopplæringstiltak, handlar dette om at ein søndagsskule eller eit kor, i mindre grad når dei fleste borna i dei aktuelle årskulla. Eit truopplæringstiltak skal vera eit breiddetiltak og skal nå så mange som råd i kullet.

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokneråd godkjenner innhaldet av tiltaka i trusopplæringsplanen slik den ligg føre. Soknerådet ber kyrkjeverja intensivt arbeid med å få planen godkjent av bispedømerådet.

Vedtak:

Austrheim sokneråd tek trusopplæringsplanen så langt til vitande og ber om at planen vert presentert på nytt i sin heilskap før den vert lagt føre bispedømerådet til endeleg godkjenning.

S- 38/16 GUDSTENESTELISTE 2017

Soknepresten har laga utkast til gudstenesteliste for 2017, med utgangspunkt i gudstenesteforordninga frå prosten. Endeleg oppsett vil måtta skje på eit litt seinare tidspunkt og i samråd med prosten. Det er mogeleg det kan koma nokre endringar med tanke på fordelinga av presteressursane.

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokneråd støttar førebels utkast til gudstenesteplan for 2017. Soknerådet ønskjer at soknepresten i størst mogeleg grad skal vera gudstenestehaldar for gudstenestene i soknet.

Vedtak:

Saka vert utsett til neste møte.